

---

**Fra:** Anne Lise Fjelde Skjelvik <annelise.fjelde.skjelvik@hotmail.com>  
**Sendt:** torsdag 21. september 2017 13:42  
**Til:** Ingrid Bjørge Pedersen  
**Kopi:** bjarntre@online.no  
**Emne:** VS: Forespørsel om innsyn i byggesaker på gnr. 229 bnr. 6, Skår, byggetrinn 1 og 2. Lerøy Vest AS sitt settefiskanlegg i Bjørsvik

Hei

Lerøy Vest har i forbindelse med bygginga av smoltanlegga foretatt fjellrensk og fjellsikring på våre eigedommar uten at vi er forespurt eller varsla. Vi har vore i kontakt med Lerøy Vest. Dei viser til at byggetillatelse er gitt og at det er nabovarsla og at vi ikkje har klagt på vedtaket. Sjølvom bygginga er godkjent av kommunen, betyr ikkje det at dei har lov til å ta i bruk våre eigedommar til sikring. Vi ber derfor om tilbakemelding på om byggetillatelsen for anlegga inneber at våre eigedommar blir tatt i bruk som område for rassikring.

Vi ber og om tilbakemelding på vår forespørsel av 9.juni 2017

Helsing  
Anne Lise Fjelde Skjelvik

---

**Fra:** Anne Lise Fjelde Skjelvik <[annelise.fjelde.skjelvik@hotmail.com](mailto:annelise.fjelde.skjelvik@hotmail.com)>  
**Sendt:** 9. juni 2017 08:13  
**Til:** [Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no](mailto:Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no)  
**Kopi:** [bjarntre@online.no](mailto:bjarntre@online.no)  
**Emne:** Forespørsel om innsyn i byggesaker på gnr. 229 bnr. 6, Skår, byggetrinn 1 og 2. Lerøy Vest AS sitt settefiskanlegg i Bjørsvik

Hei

Eg har vore i kontakt med Byggesaksvakta og er blitt vist vidare til deg.  
Vi er naboar til gnr. 229 bnr.6 då våre eigedommar gnr. 229 bnr. 1 og 2 grensar til gnr. 229 bnr. 6 .  
Vi ønsker innsyn(kopi av ) dokumenter/ rassikringsrapport i byggesakene for byggetrinn 1 og 2 som gjeld rassikring i forbindelse med Lerøy vest sitt settefiskanlegg i Bjørsvik.  
Vi ønsker også tilbakemelding om rassikringa evt. er behandla i forbindelse med reguleringsplanen for området.

Helsing  
Anne Lise Fjelde Skjelvik